

Utfylling av anbefalings skjema

Lærerveiledning for søknadsprosessen ved talentsenteret

LES DETTE NØYE:

1. Deltaking på talentsenter i realfag er å rekne som tilpassa opplæring etter opplæringslovens §1-3.
2. Det er skulen som har ansvaret for eleven si opplæring, og det er skulen som må vurderer om deltaking på talentsenter i realfag er rett for eleven. Skulen MÅ derfor vera ein aktiv part i søknadsprosessen.
3. Ved å fylla ut dette skjemaet gjev skulen formelt si tilslutning til at ein elev kan motta dette tilbodet.
4. Skjemaet bør fyllast ut som eit samarbeid mellom ein lærar som kjenner eleven godt, t.d. kontaktlærar, og eleven sine lærarar i matematikk og naturfag.

Kven er elevane som har behov for talentsenteret

Talentsenteret er ein fagleg og sosial møteplass for elevar med stort læringspotensial (SLP). Ein elev med stort læringspotensial er ein elev som ikkje får utnytta/utfordra potensialet sitt. Det treng ikkje å vera ein «sekser-elev», men ein elev som kan prestera høgare om det er tilrettelagt for det.

På talentsenteret er fokuset på MNT-faga (matematikk, naturfag og teknologi), så eleven må ha interesse for desse faga.

Nokre typiske karakteristika for aktuelle elevar er:

- Kan vera nysgjerrige og vitebegjærlige
- Kan utmerka seg i tema av interesse, interessen kan liggja utanfor skule og læreplanar
- Tilegner seg kunnskap, lærer fort
- Kan forneakta egne evner, motstå utfordringar, underlyta, redd for å gjera feil
- Får ikke nok utfordringar i eigen skulekvardag

Eleven treng ikkje å ha alle nevnte karakteristikkar. Meir informasjon om tilbodet kan de finna her: <https://www.jaermuseet.no/blog/kategori/talentsenter-i-realfag/>

Her vil du og finna informasjon om når me vil halda neste lærarkurs om temaet i ditt område.

Me vil i stor grad bruka lærarane sine vurderingar i utvelgingsprosessen. Elevane me er ute etter utgjer i realiteten cirka 5-10 % av elevmassen. Ta omsyn til dette når de oppmodar elevar om å søke.

Framgangsmåte

Anbefalingsskjema frå skulen er digitalt og består av tre deler:

1. Personalia på eleven og lærarane som fyller det ut
2. Tre spørsmål om eleven
3. Avkrysningsskjema om eleven

Merk: anbefalingsskjemaet bør fyllast ut som eit samarbeid mellom ein lærar som kjenner eleven godt, t.d. kontaktlærar, og elevens lærarar i matematikk og naturfag.

Spørsmåla om eleven:

- Kvifor meiner du eleven har behov for ein plass på talentsenteret?
- Kva kan vera utfordrande i eleven sin skulekvardag?
- Kva er eleven sine sterke sider?

Avkrysningsskjema

Skjemaet har 25 spørsmål og står på neste side. Dette er ein validert test utvikla av Dr. Poul Nissen (2013), København. Poengscore seier noko om sannsynet for at dette er ein elev med stort læringspotensial (SLP).

Det er avgjerande at de som lærarar fyller dette ut så korrekt som mulig. Forsøk på å over-nominera eleven vil gjera testen verdiløst.

Ta dykk gjerne tid til å reflektera og diskutera spørsmåla før innsending.

Talentsenteret nyttar resultatet av denne testen berre som ein av fleire indikatorar på om eleven har SLP.

Sjekkliste, lærar

Namn på barnet: _____ Alder på barnet: _____ Dato: _____

Skule: _____ Klasse: _____

Her er nokre utsegn om din elev, som kan stemma meir eller mindre godt. Set ein ring rundt 2 om skildringa stemmer godt eller ofte. Set ein ring rundt 1 om skildringa stemmer til ein viss grad eller nokre gonger, og ein ring rundt 0 om skildringa ikkje stemmer.

0 = stemmer ikkje

1 = stemmer til ein viss grad, eller nokre gonger

2 = stemmer godt eller ofte

| | | | |
|---|---|---|--|
| 0 | 1 | 2 | Oppfattar ting fort |
| 0 | 1 | 2 | Har ein svært god hukommelse |
| 0 | 1 | 2 | Lærer raskt |
| 0 | 1 | 2 | Har eit stort ordforråd |
| 0 | 1 | 2 | Er god til å tenka logisk |
| 0 | 1 | 2 | Er god til å tenka seg om, resonnera og reflektera |
| 0 | 1 | 2 | Kan bli heilt oppslukt når det er noko som er interessant |
| 0 | 1 | 2 | Er god i matematikk |
| 0 | 1 | 2 | Held fast ved sine interesser |
| 0 | 1 | 2 | Er følsom og følelsesprega |
| 0 | 1 | 2 | Er oppteken av rettferd |
| 0 | 1 | 2 | Er god til å forstå kompliserte samanhenger |
| 0 | 1 | 2 | Er i stand til å konsentrera seg over lengre tid |
| 0 | 1 | 2 | Er ekstremt nysgjerrig og vet mykje om mange ting |
| 0 | 1 | 2 | Er suverent dyktig på eit eller fleire fagområde samanlikna med kva ein kan forventa av elevar på same alder |
| 0 | 1 | 2 | Er god til å konstruera og forestilla seg ting |
| 0 | 1 | 2 | Er ivrig observerande |
| 0 | 1 | 2 | Er god til å tenka strategisk |
| 0 | 1 | 2 | Er suverent ein av dei flinkaste i klassen i eit eller fleire fag |
| 0 | 1 | 2 | Gjev ofte vurderingar som er sær modne for alderen |
| 0 | 1 | 2 | Er flink til å arbeida målretta for å finna fram til løysingar |
| 0 | 1 | 2 | Liker godt prosjektarbeid i skulen |
| 0 | 1 | 2 | Har gode arbeidsvanar |
| 0 | 1 | 2 | Er levande interessert i skulearbeidet |
| 0 | 1 | 2 | Er sær flink til å handtera store mengder informasjon |

Sjekklista er utarbeidd av Dr. Poul Nissen (2013), København, Danmark